

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.og 21.09.2017

Pål Kårbø (KrF) sette på vegner av KrF og Frp fram slikt forslag:

«Alternativ til innstillinga punkt 2:

Fylkestinget vedtek at den samanslårte skulen Norheimsund vgs og Øystese vgs vert kalla Hardanger vidaregåande skule.»

Tom Sverre Tomren (MDG) sette på vegner av MDG og SV fram slikt forslag:

«Endring av innstillinga punkt 3 (endringa står i kursiv):

Fylkestinget vedtek at den samanslårte skulen Tertnes vgs og deler av U.Pihl vgs vert kalla Tertnes *vidaregående skule.*»

Røysting

Innstillinga punkt 1 vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstillinga punkt 2 vart vedteke som innstilling til fylkestinget med 10 røyster mot 5 røyster (KrF, Frp, MDG, Sp) for Kårbø sitt forslag punkt 2.

Innstillinga punkt 3 vart vedteke som innstilling til fylkestinget med 12 røyster mot 3 røyster (MDG, SV, V) for Tomren sitt forslag punkt 3.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget vedtek at den samanslårte skulen Arna vgs og Garnes vgs vert kalla Arna vidaregåande skule.
2. Fylkestinget vedtek at den samanslårte skulen Norheimsund vgs og Øystese vgs vert kalla Kvam vidaregåande skule.
3. Fylkestinget vedtek at den samanslårte skulen Tertnes vgs og deler av U.Pihl vgs vert kalla Tertnes videregående skole.